

## Vilkår for tildeling av praktisk bistand

### Lovgrunnlag

*Lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m § 3-1 første ledd jf. § 3-2 nr. 6 bokstav b (personleg assistanse, herunder praktisk bistand og opplæring)*

*Lov om pasient- og brukarrettigheitar § 2-1 a*

### Formål med tenesta:

Bidra til at innbyggjarane i Hjelmeland kommune kan bu heime så lenge som mogleg. Førebyggja behov for heildøgns bu tilbod.

### Føresetnadar

- Henvending frå brukar, pårørande, helse- og sosialpersonell. Eigensøknad må føreligge.
- Søkar må bu i kommunen og være heimebuande.
- Søkar må ha et særleg hjelpebehov på grunn av sjukdom og/eller funksjonshemming.
- Det må ikkje bu andre i husstanden som kan utføre husarbeidet.
- Saksbehandlar foretar ein individuell heilskapsvurdering av søkars helsetilstand og behov for omsorg og bistand.

### Kven kan få tenesta?

#### Vilkår

- Søkar treng bistand til å bli sjølvhjelpen i eigen heim.
- Søkar treng hjelp til reingjering av dei rom i bustaden som er i dagleg bruk.
- Søkar treng hjelp til tilrettelegging av måltid/oppvarming av middag. Eventuelt hjelp til å bestille matvarer som blir til køyrt dersom vedkommande ikkje har pårørande som kan hjelpe med dette.
- Praktisk bistand kan ytes til foreldre og deira mindreårige barn, på grunn av barns eller foreldres sjukdom eller funksjonshemming.

Føresetnadane skal alltid vere innfridd og minst eit av vilkåra må vere til stade for at vedtak om hjelp skal fattast.

**Innhald i tenesta:**

- Hus reingjering i rom som er i dagleg bruk (stue, kjøkken, soverom, bad, entré), og består av støvsuging, vask av golv og vask av toalett/bad.
- Sengetøy skiftes vanlegvis kvar 3. veke.
- Tilsyn ved dusj/bad.
- Tilrettelegging av måltid. Middag skal kunne varmes.
- Brukarar som har behov for matvareinnkjøp kan få hjelp til å bestille. Det føresett at bestillinga blir heimkøyr av butikken. Brukaren betalar sjølv for varetransport.

**Praktisk bistand gir eksempelvis ikkje hjelp til:**

- Tillaging av middag.
- Stryking, baking, pussing av sølvtøy og messing.
- Storreingjering av tak og vegger, boning av golv, innvendig vask av skap, flytting av tunge møbler, ta ut store og tunge tepper og lignande.
- Reingjering av rom som ikkje er i bruk, samt kjeller og loftsrydding/vasking.
- Reingjering av trapper/gongar/andre fellesareal i burettslag/private blokker.
- Huslege oppgåver i forbindelse med gjester og vaksne heimebuande barn.
- Lage i stand til selskap.
- Rydde og vaske opp etter besøkande.
- Vask av altanar/terrasser.
- Frisørteneste/rulling av hår og fotpleie.
- Hagearbeid.
- Hjelp til husdyrhold.
- Hjelp flytting.
- Generelt barnepass.
- Snømoking.
- Følge og transport.

**Forventningar til brukaren:**

- Gir beskjed dersom en ikkje er heime til avtalt tid, eller ved endring i helsetilstand og evt. hjelpebehov.
- Opptrer med vennlegheit og respekt overfor heimhjelpa. Dersom du ikkje er fornøgd med tenesta, gi tilbagemelding til einingsleiar.
- Skal være heime, og har ikkje anledning til å ha besøk under bistand frå heimhjelpa.
- Praktisk bistand opphørrar når vaksne barn/pårørande bor midlertidig i brukars heim, og kan utføre disse oppgåver. Dette gjelder også feriebesøk i heimen.
- Sørge for enkel framkomelighet til bustad.
- Halde husdyr i anna rom eller i band ute, er det husdyr i husholdinga må du sjølv gjer reint etter husdyret.
- Legge til rette for gode arbeidsforhold. Ta vekk unødvendige ting som vanskeleggjer reinhaldet. For eksempel tepper, aviser, pyntegjenstandar og unødvendige ting frå golvet.
- Ikkje røyke når personalet er til stades.
- Tilstrekkeleg sengetøy må være på plass.

- Nødvendige husholdingsartiklar og utstyr må være tilgjengeleg. Brukte klutar og moppar må vaskast etter kvar bruk.
- Søkar bør gå til anskaffing av robotstøvsugar.
- Flytande handsåpe og tørkerull må være tilgjengeleg.
- Oppgåver brukaren sjølv kan utføre inngår ikkje i tenesta.
- Tenesteytar skal utføre dei tenesta som er eit minimum for å kunne fortsetja å bu heime. Reingjering av bustad utføres i hovudsak kvar 3. veke.

**Annet:**

- Forhold og utstyr i bustaden skal være slik at det ikkje er fare for helseskade eller ulykke for praktisk bistand – dette ut frå Arbeidsmiljølovens bestemming.
- Kommunen kan stilla vilkår om at brukaren tillate montering og plassering av nødvendige hjelpemiddel i eigen heim for at hjelpepersonell kan utføre arbeidet.
- Kommunen kan stilla krav om at nødvendig utstyr for å utøve reingjering er til stede og i god stand. Det vil sei robotstøvsugar, støvsugar, mopp, bøtte, heile og reine vaskefiller, vaskemiddel.
- Kommunen kan stilla krav om at det må gjerast omfattande utvask av heimen før tenesta kan settast i gang.
- Dersom dag for praktisk bistand havnar på ein raud dag eller heilagdag vil tenesta ut gå.

**Praktiske opplysningar****Betaling:**

Praktisk bistand har ein eigenandel der prisen er basert på husstandens samlande inntekt. Betalingssatsar fastsetjast av Kommunestyret.

**Saksbehandlingstid**

Avtale om besøk for vurdering av hjelpebehov blir gjort innan to veker etter mottatt søknad. Tenesta gis for en gitt periode, og skal revurderast årleg. Brukar får beskjed dersom det blir endringar i forhold til avtalt tid for praktisk.

**Klageadgang:**

Brukar har rett til å klage på vedtaket og på utførelsen av tenester. Saksbehandlar kan være behjelpelig med utforming av klagen.

**Ansvarleg for tildeling av teneste:**

Einingsleiar for Hjelmeland omsorgssenter

**Søknad sendes til:**

Hjelmeland kommune

Helse og omsorg  
Vågavegen 116  
4130 Hjelmeland

